Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vanylven

Emne:

Bygdelag: Syltefjorden

Oppskr. av: Gullbir Brekke

Gard: Hatlebrekke

(adresse): Sylte i Vanylven

G.nr. 32 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

No

SVAR

1 Ja. Vassele, ga med utkolet åpning fr halsen og med en bötte på kvar side, festa til en rem til vasselens ytste endar. Ikkje med rem over nakken og stang fram kryptet, men med vasselen over begge skuldre, og kjetting eller tang festa i frå vasseleendane og ned i bytte hadda som kviler i ein krok i vasselestroppene. Vi bære endå vatn i trebötter eller i jernbötter når vi verte fri fr vatn i vass-ledninga i turrebolkar eller i frostbolkar.

2 Det er utkjendt her å bære vatn i sitt kar. Derimot leer vi vatn opp, å samla det i store kaar so tjena til oppsamlingskar, til dömes til buskapen i fjöset, fr at det (vatnet) skal slå av seg mesta kulden. (Kuldslaas)

3 Det vert også brukt å legge ein laus botn på vassfyldt kymne fr å unngå at vatnet skal skvulpe utover, når ein kjäyrer vatn tilgards i åpne tunner

4 Mannen, kona, barn, eller tjenara må bære vatn når det trengs

5 Det brukes ennå, og er naudsynt til kvarsdag

6 Sjå spm. 3.

7 Her omkring er det alm. at folk må bære vatn kvareinaste dag, vinter som sommer, når det

597

det er turrbolkar og frostbolkar, for deira vedk. som ikkje har sikker vatnår å ha spring ifrå. Dei fleste på bygdene har hev ikkje springvatn i fjös eller i kjökken, og må difor hente vatn ifrå vassbekk, brunn eller elv, so i mange tilfelle ligg langt undan f. eks. frå 100 til 300 meter og vekk ifrå huset, og tildels bratt imot bakke med vassfara = 2 bötter vatn.

Sidste vinter var det ofte hardt å få tilgards det vatn ein trengte, då frosten öydela dei gamle vassbrunna, å vatnet måtte hentast med hest å slede, med two tre tunner på.

I et grannebygde til Vanylven måtte eitt sentrumstad nöye seg med kva 2 böter vatn om dag i vinter, då det var på det verste med frosten.

Vassproblemet vert so alvorligt no, at mange ser forventingsfullt imot den dag at Styremaktene löyser spursmålet på en heldig måte.

Eller ser i venting imot den dag då vi på bondebygdene kann få rigge oss istand: Bad, vassbeholder for elektr. oppvarming, styrtebad, sprögteanlegg m. m. som höyre til et godt og sikkert vassanlegg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
597